



Arkivnr: 2019/170-168

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

OFFL § 26, 2. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		30.09.2019

Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend - tildeling 2019

Føremål med ordninga

Kunstnarstipenda skal gje kunstnarar høve til ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll. Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

Gjennom Regional kulturplan PREMISS : KULTUR har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet. Innsatsområde 27 Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet har følgjande mål: Vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder.

Generelt

Budsjett 2019 – til fordeling	560 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	3.juni
Vedtak kriteria:	KIRU 13.02.2018, PS 20/2018 og 19.03.19, PS 43/19
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på hordaland.no

Fordeling 2019

Tal på søknadar:	159
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	14
14 utviklingsstipend á kr 40 000	
Tilrådd fordeling:	560 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga

Ved søknadsfrist 3.juni var det motteke 159 stipendsøknader.

Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkerane. Som tidlegare år er det flest søkerar innan visuell kunst. Søkerar som har eit tverrfagleg kunstnarleg virke er blitt vurdert av ulike fagkomitear (12 søkerar). Den store søkerarmengda i forhold til tilgjengelege stipend syner eit stort behov for slike midlar. Dei aller fleste søkerane var godt kvalifiserte og mange fleire enn dei innstilte kvalifiserte til stipend.

For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland. Det er eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfasen. Det er det kreative arbeidet som vert vektlagt i vurderinga. Det kan ikkje søkerast om midlar direkte til instrument, materiale, utstyr osv.

Det er jf vedtak i KIRU etablert ein omfattande struktur av fagkomitear som har innstilt kandidatar til stipenda. Fagkomiteane har vurdert og innstilt søkerar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av

kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Fylkesrådmannen har ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstilling til politisk handsaming. Fylkesrådmannen si vurdering legg stor vekt på fagkomiteane sine innstillingar, og er i hovudsak i samsvar med desse.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR, særskild innsatsområde Kunstløft .

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å tildele til saman 14 stipend, kvart på kr 40 000, til:

1. Cato Løland – visuell kunst
2. Hilde A. Danielsen – visuell kunst
3. Katrin Berge – visuell kunst
4. Kay Arne Kirkebø – visuell kunst
5. Tom Kosmo – visuell kunst
6. Vilde Salhus Røed - visuell kunst
7. Birgitta Alida Hole - musikk
8. Else Storesund - musikk
9. Kim Christer Hylland - musikk
10. Bjørn Sortland – litteratur
11. Ina Terese Lerner Grevstad – film
12. Simone Hooymans – film div
13. Bodil Lunde Rørtveit – scenekunst / musikk
14. Silje Sandodden Kise - scenekunst

Løyvinga utgjer totalt kr 560 000 frå konto 10.400.720.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.08.2019

Hordaland fylkeskommune har i 2019 til rådvelde 14 utviklingsstipend á 40 000 kroner.

Budsjettet for kunstnarstipenda har auka dei siste åra – jf. Satsing i regional kulturplan. Det store søkjartalet syner at det er stort behov for kunstnarstipend.

Det er noko ujamt korleis søkerane fordeler seg i forhold til dei ulike kunstartane. Søknadene fordeler seg slik på dei ulike kunstartane:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design) 61 søkerane
- Musikk 31 søkerane
- Litteratur og Film 37 søkerane
- Scenekunst (inkl. dans) 18 søkerane
- Anna Andre kunstartar/tverrkunstnarleg 12 søkerane (vurdert i inntil to relevante fagkomitear)

Liste over søkerane og søkerane er vedlagt saka, samt ei liste over dei som har fått tildelt kunstnarstipend dei ti siste åra (2009 – 2018).

Bakgrunn

Kulturplanen inneber ei sterkare satsing på det profesjonelle kunstfeltet, både når det gjeld institusjonane og det frie, profesjonelle feltet. Ei auka satsing på kunstnarstipend er med på å oppfylle dette. I tillegg til dei kunstnarstipenda som vert handsama i denne saka, deler Hordaland fylkeskommune i 2019 ut fire stipend innan folkemusikk- og dans.

Stipend også anerkjening og merksemd, noko som kan vere særleg verdifullt for ein kunstnar i startfasen. Det er eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfase.

Arbeidet i fagkomitear

Hordaland fylkeskommune vil ha breitt samansette komitear (med representasjon frå ulike organisasjonar), m.a. for å sikre at ulike kunstsyn er representert. Dette gir ein kombinasjon av «fagfellevurdering» og vurderingar frå meir institusjonelle organ.

Det er jf vedtak i KIRU etablert ein omfattande struktur av fagkomitear som har innstilt kandidatar til stipenda. Fagkomiteane har vurdert og innstilt inntil 7 søkerar på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av kunstnarleg aktivitet og kvalitet. Fylkesrådmannen har ut i frå ei heilskapleg vurdering gjort ei samla innstilling til politisk handsaming. Fylkesrådmannen si vurdering legg stor vekt på fagkomiteane sine innstillingar, og er i hovudsak i samsvar med desse.

Fagkomiteane har vore delte inn slik (j.f. politisk vedtak) og med følgjande deltaking:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemmar), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP og Fakultetet for kunst, musikk og design og UIB (har ikkje meldt inn deltakar til stipendkomiteen).

Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Fakultetet for kunst, musikk og design, UIB (har ikkje meldt inn deltakar til stipendkomiteen), Bergen filharmoniske orkester og Hordaland fylkeskommune – seksjon for kunst- og kulturfremidling.

Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT teatergarasjen, Vestlandske teatersenter og Høgskolen på Vestlandet – Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon.

Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Vestnorsk Filmsenter og Skrivekunstakademiet.

Fylkesrådmannen ser både storleiken på komiteane og representasjonen som hensiktsmessig og god. Medlemmane i komitane kjenner felta sine godt, og utgjør saman ei svært kompetent gruppe.

Dei siste åra har det vore særleg fokus på informasjon om habilitet til fagkomiteane. Det vert m.a. sendt ut ein habilitetsrettleiar og eit habilitetsskjema i forkant til både institusjonane og den enkelte medlem i fagkomiteane. I tillegg har administrasjonen teke opp habilitetsspørsmålet i byrjinga av kvart fagkomitémøte for å ytterlegare sikra habiliteten til møtedeltakarane.

Vurdering av søknadane

I samsvar med retningslinene vart søkerane vurderte av fagkomitear. Alle komiteane innstilte inntil **5** kandidatar innan dei ulike stipendtypane med skriftleg grunngjeving. Partane i saka har innsynsrett i den fullstendige grunngjevinga. Organisasjonane var svært positive til å delta i komitéarbeidet, og deira representantar har gjort ein grundig og god jobb i komiteane.

Fylkesrådmannen har teke den heilskaplege vurderinga og samansettninga av denne samla innstillinga som vert lagt fram til politisk handsaming. Fylkesrådmannen har følgd rangeringane i komiteane sine innstillingar, og sett saman stipendmottakarar ut frå m.a. søkeratal innan dei ulike sjangrane og kunstfagleg breidde. Omtalane av kandidatane som følgjer er sitat frå komiteane sine innstillingar.

Følgjande kandidatar er innstilt til Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipendstipend 2019 (14 stipend á 40 000 kroner):

VISUELL KUNST (INKLUSIV KUNSTHANDVERK OG DESIGN)

- **Cato Løland** skaper sensitive og lekne skulpturer der materialene foreldes gjennom enkle grep. Arbeidene er preget av en poetisk og nysgjerrig tilnærming med en sterkt visuell følsomhet, både til den romlige situasjonen og verkene i seg selv. Stipendet vil han bruke til å fordype seg mot en planlagt utstilling.

Løland er utdannet MA i Kunst, Kunsthøgskolen i Bergen 2009.

- **Hilde A. Danielsen** konstruerer store, romlige skulpturer som inviterer til direkte fysisk, opplevelse. Hun bygger med ulike typer moduler, balanserende et sted mellom skulptur og arkitektur, i størrelser som gjerne sprenger men også spiller med omgivelsene. Stipendet skal hun bruke til fordypning og refleksjon over en omfattende praksis.

Danielsen har Hovedfag, avd. Spesialisert kunstfag ved Kunst- og designhøyskolen i Bergen 2003/04,

- **Katrin Berge** tegner detaljerte og mørke portrett av dyreliv. Hennes tekniske evne bidrar til å gi tegningene en morbid undertone og med sine illustrasjoner knytter hun en forbindelse mellom det frastøtende og forførende. Stipendet skal brukes på å ferdigstille en serie tegninger til en bok i samarbeid med Brynjulf Jung Tjønn.

Berge har en MA i visuell kommunikasjon (illustrasjon) ved Kunsthøgskolen i Bergen fra 2010.

- **Kay Arne Kirkebø** kobler det finslipte i teknisk tegning med gåtefulle, dystopiske scenarier. I bøker har han utviklet en unik og humoristisk tilnærming til ordløs serietegning. Stipendet skal brukes til å utvikle animasjonsfilm med musikk i samarbeid med komponist.

Kirkebø ha en MA i kunst fra Kunsthøgskolen i Bergen 2014.

- **Tom Kosmo** bygger en fantasieleggende visuell verden, der en strengt logisk virkelighet brytes ned og settes sammen, og resultatet er absurde situasjoner med anstrøk av melankoli. Han beveger seg uanstrengt mellom grafiske blad og romlige landskap, med ulike skulpturelle element som navigerer mellom veggtegningene. Stipendet skal brukes til å fordypning fram mot to separatutstillinger i 2020.

Kosmo har en BA fra Kunsthøyskolen i Bergen, avd. Spes. Kunst, seksjon for Grafikk 2005

- **Vilde Salhus Røed** utfordrer det spesifikke ved fotografiet som fysisk medium. I arbeidene undersøker hun hvordan den visuelle hukommelsen kan operere og minner bearbeides og endres. Stipendet vil hun bruke på videre utvikling av egen praksis, med særlig vekt på uforutsigbare og ukontrollerbare prosesser.

Vilde Røed har en MA Kunst, Kunst- og designhøgskolen i Bergen 2008

MUSIKK

- **Birgitta Alida Hole** (f. 1992)
Birgitta Alida Hole er vokalist og komponist med ein solid bakgrunn med utdanning frå jazzlinja ved Griegakademiet. Trass i sin unge alder, har ho ei lang rekke med utgjevingar av musikk bak seg anten i eige namn eller som medlem av band som Strange Helloes og Lumikide.

Ho kan også vise til ei imponerande mengd aktivitet på festivalscener over heile landet. Dette er ein artist med stort potensiale som står i startgropa med eit komplett soloalbum, og ho har fått drahjelp av dei talentfulle produsentane Matias og Pablo Tellez.

Eit stipend vil gje ho høvet til å fordjupa seg i komposisjon og utforsking av eige musikalsk univers; eit univers ho beskriv som stort, draumande og minimalistisk, med melodiske og drivande bassliner saman med stilfulle rytmar og orkestrale arrangement med strykarar og blåsarar.

- **Else Storesund** (f. 1978)
Else Storesund er ein kapasitet innan ny musikk, både som utøvar, komponist og formidlar. Søknaden hennar inneholder fem tingingsverk.

- Ny-skiven musikk for ein dansetrio i samarbeid med Norsk Trikotasjemuseum
- Eit lytteprosjekt for eldre/demente på alders- og sjukeheimar
- Ny musikk for Dragegjengen spelemannslag, eit orkester frå Krohnengen skule med 25 barn på hardingfeler.
- Turné og verkstad for og med barn og unge
- Lydkulpturane i Bergen - Bjella Donna og Gong Gregor, for 1 slagverkar, 1 byråkrat og ein tilfeldig forbipasserande/publikumsmedskaping. Tilrettelagt for barn/medskaping. I samarbeid med nyMusikk Bergen og Borealis (2020).

Alle prosjekta er konkrete og realiserbare, sjølv om dei vil krevje ein stor innsats frå søker. Mange vil kunne nytte godt av hennar initiativ, og prosjekta vitnar om stort omsyn til målgruppene. Eit stipend vil gje ho eit tiltrengt økonomisk handlingsrom.

- **Kim Christer Hylland** (f. 1991)
Kim Christer Hylland er ein utøvar som har eit tydeleg kunstnarisk mål. Her er ein musikar og komponist med trommesett som utgangspunkt.

Søknaden syner ein unik tankeprosess og visjon om framsyningar der musikk, lys og film møter tungindustri og industriarm.

Prosjektet er å utforske lyden av Odda smelteverk. Meistersmeden Leiv Rune Jordal har smidd «Digelen» - eit instrument laga av den gamle døra til Oddasmia, ei 1,5 mm jernplate som er sveisa saman av to deler. Hovuddelen av instrumentet er 1 meter lang og 40 cm bred. Understellet på hjul er ei gammal blandemaskin frå smelteverket.

Søkjaren skal samle moderne autentiske og metalliske lyder frå eit smelteverk og sette dei saman til ein særprega og industriell rytmekunst, smelta inn i tung doom-elektronika. Resultatet vil bli ei multimedia-oppleveling.

Kim Christer kan, trass i ung alder, vise til imponerande og nyskapande arbeid innan ulike kunstuttrykk. Han har ei stor gjennomføringsevne, prosjekta hans involverer kunstnarar frå fleire felt, og han når ut til eit stort publikum.

SCENEKUNST – INKL. DANS

- **Bodil Lunde Rørtveit** ønsker å bruke et stipend til å fortsette arbeidet med prosjekter hun allerede har jobbet med og som er i tråd med hennes kunstnerskap og den retningen hun vil gå - som fordypning i solokonsertforestilling og arrangering og innspilling av plastkonserten Sustain med Bergen Filharmoniske Orkester. Prosjektene er godt på vei i utvikling og langt forbi idéstadiet, men Bodil er velformulert og reflektert og forklarer på en svært god måte hva som er nytt for henne i prosjektene. Et stipend til Rørtveit vil kunne være et verdifullt bidrag til en visjonær kunstner.

(Rørtveit søkte under kategorien *anna*, og vart i tillegg til komite for scenekunst vurdert og innstilt av fagkomite for musikk.)

- **Silje Sandodden Kise** har etablert seg som en tydelig og ettertraktet scenograf og kostymedesigner, og har vært involvert i mange og varierte prosjekter. Kise ønsker nå å bruke mer tid på å utvikle sitt eget kunstnerskap, jobbe med egne prosjekter; med scenografi som utgangspunkt og premissleverandør for sceniske forestillinger.

At Kise nå ønsker å ta mer initiativ selv ser vi på som et svært positivt tilskudd til det frie scenekunstfeltet i Bergen og Vestland. Komitéen ønsker å løfte frem og gi støtte til aktører fra så mange ulike deler av feltet som mulig, og et stipend til Silje Sandodden Kise vil også være en synliggjøring og anerkjennelse av scenografen og en scenografs arbeid.

Det at Silje også har et artikulert fokus på å jobbe med bærekraftige løsninger, er noe vi mener er positivt, aktuelt og nødvendig.

LITTERATUR OG FILM

- **Bjørn Sortland**, 51 år fra Bømlo, bosatt i Bergen. Har skrevet til sammen 60 bøker for barn, ungdom og voksne, er utgitt i 23 land og har vunnet flere internasjonaleprise, Kritikerprisen og Aschehoug-prisen. Sortland har også skrevet manus til lang- og kortfilm, samt teater, og ble nylig ansatt som professor ved Norsk Barnebokinstitutt. Med stipendet ønsker han å lage manus til en graphic novel ("tegneserie" for voksne) om ein ung motstander av regimet i Swaziland, som har flyktet til Bergen og fått plass i "Students at Risk"-programmet. Manuset skal illustreres av Trond Bredesen, med Steffen Kverneland som konsulent.
- **Ina Therese Lerner Grevstad**, 38 år fra Bergen. Hun er skuespillerutdannet, men har i flere år vekslet mellom å ha regi på egne kortfilmprosjekt og vært aktiv på andres produksjoner og har på denne måten skapt seg en bred kompetanse innen filmproduksjon. Kortfilmene hennes er vist og har vunnet priser på festivaler i inn- og utland. I 2018 viste Aftenposten TV komiserien «Ingen Retur», der Lerner Grevstad skrev manus og hadde regi. Med stipendet ønsker hun å bevege seg dypere i det kunstneriske uttrykket og historiefortellingen for å utforske sin egen stemme og signatur i filmprosjektene sine, hun arbeider bla med å utvikle sin første spillefilm.
- **Simone Hooymans**, 45 år fra Nijmegen i Nederland bosatt i Alvik. Hun arbeider i grenseland mellom film og visuell kunst og har deltatt på filmfestivaler og er representert på museer og i kunstgallerier. Hennes animasjon er taktil og eksperimenterende. Hun har de siste årene arbeidet tett sammen med produsent Turid Rogne i Aldeles film. Sammen har de nådd langt og fått stor oppmerksamhet rundt filmene. Hun har deltatt i konkurranseprogrammet på Den norske Kortfilmfestivalen i Grimstad en rekke ganger, sist med musikkvideoer. Og ble med sin siste film RAS tatt ut til årets Høstutstilling. Stipendet skal brukes til undersøkelser og utvikling av et nytt prosjekt gjennom eksperimentering med animasjon.

